



# Årsmelding pro

## 2009

# ÅRSMELDING

## FORMÅL

Opplæringskontoret sitt formål er å rekruttere, planlegge, gjennomføre og koordinere fagopp-læring.

Det er Opplæringslova, med forskrifter som regulerer, arbeidet med lærekontrakt og opp-læringskontrakter.

Opplæringskontoret kan ha medlemsbedrifter i heile landet.

Opplæringskontoret skal dessutan tilrettelegge og bistå med gjennomføringa av generell kompetanseutvikling i medlemsbedriftene innanfor dei områda som er aktuelle. Kontoret skal vere ein møteplass i opplæringsspørsmål for medlemsbedriftene.

Opplæringskontoret skal vere koordinator og pådrivar i informasjonsarbeidet ovanfor elevar, lærarar, rådgjevarar og foreldre som er knytta til grunnskulen og vgs.

Opplæringskontoret sitt virkeområde er alle fag som det har godkjenning for å drive fag-opplæring i.

Opplæringskontoret skal vere organisert som ei stifting. Stiftinga er ideell.

## FØLGJANDE BEDRIFTER HAR VORE MEDLEM

### I PRO 2009

Hydro Aluminium Høyanger

Hydro Aluminium Årdal

Hydro Årdal Karbon

BIS Production Partner

Elkem ASA Bremanger Smelteverk

ISS Industri AS

FUNDO Wheels AS (avvikla vår 2009 )

INC Vedlikehold Svelgen AS

EWOS AS Florø

Klausen Industrier Svelgen AS

Havyard Leirvik AS

Vik Ørsta

Mekanico (avvikla vår 2009 )

Peterson Linerboard AS Ranheim

Cermac ASA

Wiss

Wis

Lmi -luster

Solund verft

Vik industrier

Eikefjord Mekaniske

Verksted

ITM- Ågotnes

ERAS Metall AS

NOMEK AS

Jostedal Industrier

Førde Mekaniske

Utle Kjedevatn

Teekay Petrojarl ASA

Norsun

Stryvo AS

## NYE BEDRIFTER I 2009

Solheim Diesel

Hellenes AS

## STIFTINGA HAR HATT FØLGJANDE STYRE-SAMANSESSETTING

7 medlemmer

7 vara:

Bente Nesse , leiar

Hilde Sviggum

Wenche Eldegard ,nest leiar

Egil Fredriksen

Kjell Nesse

Tage Grønvold

Steinar Talle

Gunnar Mundal

Jan Tore Hauge

Odd Kjell Skaar

Astrid Henden,

Bjørnar Førde

Per Åge Bueie,

Roar Hatlenes

## STYRET HAR HATT 4 STYREMØTE, OG BEHANDLA 31 SAKER

Det vart utbetalt styrehonorar til styret med kr. 15.000,- til styreleiar og kr. 10.000,- til øvrige styremedlemmer. Vara vert honorert med kr. 1500,- for kvart møte, styrerepresentanten vert trekt tilsvarende. Styremedlemmer som ikkje har delteke på styremøte får ikkje utbetalt honorar.

Medlemskontingent er lik basistilskott. Det vart ikkje kravd anna kontingent.

## DAGLEG LEIAR I 2009

Jorunn Eide Kirketeig.

Administrasjon og opplæringskonsulent og lærling har i 2009 utgjort 3 årsverk fram til 01 september. Fra 01 september var det 4 fulltids tilsette.

I 2009 har PRO tatt inn eigen lærling i kontor og administrasjonsfag.

Revisor Fjordane Inter Revisjon

Bankforbindelse Sparebanken Sogn og Fjordane.

Rekneskap Regnskapsentralen.

## PRO SØR TRØNDELAG

Det er to bedrifter i Sør Trøndelag som er knytt til PRO. Lærlingene i Sør Trøndelag får samme oppfølging som lærlinger i Sogn og Fjordane og Hordaland.

## REVISJON AV OPPLÆRINGSKONTOR

Revisjon av opplæringskontoret, Sogn og Fj. fylkeskommune har også i 2009 gjennomført oppfølging og revisjon av PRO. Resultat var godt. PRO ivaretar den enkelte lærling og legg til rette for individuelt opplegg for kvar lærling. Det vert gjennomført ulike arrangement for lærlingene, sosialt og faglig bl.a tilbud om utveksling, trafikktryggleikskkurs, skihelg konserter.

Resultatet viser at PRO ivaretar tilsette, instruktører, styre, lærlingar på ein god måte. Tar ansvar for kompetansebygging i alle ledd. Det er positivt at det er krav om pedagogikk for å kunne følge opp lærling. Styret har deltatt på styrekompetanse kurs.

## **PLASSERING AV ULIKE KURS I VIDAREGÅANDE SKULE I SF**

I 2009 har Sogn og Fjordane hatt tilbud om Teknikk og industriell produksjon ved 9 videregående skular. Det er ei utfordring å skaffe nok lærlinger til bedriftene. Underskudd på ungdom er stort. Kunnskapsløftet medfører at vi får inn lærlinger med ulike bakgrunn. Elevane har hatt mindre fordjuping i skulen, noko som medfører at vi må gjennomføre teori opplæring i læretida.

## **LÆRLINGSAMLING**

PRO har gjennomført oppfølgingsmøtar og halvårlege vurderingar med kvar enkelt lærling, i samsvar med plan.

Det har vore gjennomført vintersamling på Hemsedal.

Frå hausten 2009 har vi satt i gang 23 lærlinger i kjemiprosess fag vg 2 i samarbeid med Øyrane vgs. Teoriundervisning for lærlingar i elektrikarfaget og repr. tunge køyretøy.

Teoriundervisning for lærling i elektrikarfaget har vore kjøpt av opplæringskontoret for elektrofag, som har nytta E-lærlingen. Oppfølging og teoriundervisning av lærlingar i repr. tunge køyretøy har vore gjennomført av bilbransjens opplæringskontor. PRO opprett held sitt medlemskap med BOK.

## **INTERNASJONALISERING**

I 2009 sendte vi ut 1 laboratorie lærling på fire veker utveksling til BASF.

I samarbeid med Øyrane vgs. og Laksevåg vgs., har vi vore vertskap for lærlinger fra BASF. Lærlingane var plassert ved Hydro i Høyanger, samt var på bedriftsbesøk ved Hydro Årdal og Elkem i Svelgen.

## **PARTNARSKAPSAVtaler**

PRO si rolle vil være å legge til rette for at bedrifter og skular oppretter og evaluerer sine avtaler. PRO vil ha partnerskap avtaler på vegne av bedriftene der det ikkje ligg bedrift i nærhet til grunn-/vg.skule.

I samarbeid med Øyrane vgs. har vi starta opp arbeidet med å involvere alle "TIP" skular i felles TIP nettverk. I dette arbeidet inngår også internasjonalisering.

I Trøndelag er det samarbeidspartner, OTEK kontoret i Sør Trøndelag som ivaretar nettverks deltaking.

## **FORSKING OG UTVIKLING – FOU ARBEID – PROSJEKT**

PRO har hatt høg fokus på instruktør opplæring, for å sikre at alle er godt kjent med nye læreplaner etter Kunnskapsløftet.

Tenning på teknologi er lagt inn i ordinær drift og blir brukt til rekruttering og kurs til egne lærlinger

i kjemiprosess, automasjon og CNC.

Traileren har vore i bruk 21 dagar i 2009.

Traileren ,Tenning på Teknologi skal være eit godt verktøy i rekrutteringsarbeidet til Teknikk og Industriell produksjon, " tenning på teknologi" skal til ei kvar tid skal være utstyrt med oppdatert utstyr, som lærlinger kan nytte til å forsterke si opplæring i kjemiprosess, automasjon og CNC.

Samarbeid over fylkesgrenser. Traileren var leigd ut til yrkesmessa på Husnes.

## **NORSK INDUSTRI - NI**

PRO har delteke på alle samarbeidsmøter mellom opplæringskontora i regi av NI. PRO har delteke på NI sin årlege konferanse – opplæringsledelse . Vi deltok med alle tilsette.

## **OKSU- OPPLÆRINGSKONTORA SITT SAMARBEIDSUTVAL**

Det er lagt opp til felles møter mellom arbeidsutvalet i fagopplæringsnemnda og OKSU.

## **FATEK - FAGOPPLÆRING I TEKNOLOGI-INDUSTRIEN ( eit samarbeidsorgan for opplæringskontor i industrien)**

PRO v/ dagleg leiar deltok på FATEK sin årlege samling.

## **SKULAR**

PRO har gjennomført informasjonsmøte ved 10 klasser, samt delteke på andre arrangement i samband med program fag til valg for 8,9 og 10 klasse . PRO har koordinert prosjekt til fordjuping for skular, som ikkje har direkte partnerskap avtale med industribedrift.

PRO har elever fra Hafstad vgs. i prosjekt til fordjuping i kontor og administrasjon og fra Øyrane vgs. i TIP.

PRO har delt ut utstyrspakke til alle elver ved Teknikk og industriell produksjon , kjemiprosess og Industriteknikk for skuleåret 2009 til 2010.

## **PROFILERING**

Tenning på teknologi er vår profil framover. PRO har vore omtalt i både viser, og Teknisk blad, med hovedfokus på Tenning på teknologi.

## **FACEBOOK**

PRO har oppretta eiga gruppe på facebook.

## **PRO-AKTIV**

Det vart ikkje gitt ut PRO aktiv i 2009. PRO-Aktiv skal være ei god avis i papir og nettutgåve, som skal komme ut med relevant stoff om fagopplæring i industrifag og små og store hendinger i våre lærebedrifter.

## PRO

PRO har jobba i tråd med dei krav som er sett opp gjennom vedtektene og i samsvar med fatta årsmøtevedtak og styrevedtak. PRO har gjort sitt for å få ei positiv vinkling på sine eigarbedrifter som gode lærebedrifter.

Arbeidsmiljø, styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet til å være svært godt. Forbedring av arbeidsmiljø er eit kontinuerleg arbeid, alle står fritt til å ta opp aktuelle saker og det vert vektlagt trygt arbeidsmiljø. Sjukefråvær, det er registrert 0% sjukefråvær 2009. Det er ikkje registrert skader. Likestilling, det er tilsett ei kvinne som dagleg leiar, ei kvinne som administrasjons sekretær og ein mann som opplæringskonsulent og ein mann, som lærling i kontor og administrasjons faget. PRO har ivaretatt både indre og ytre miljø.

PRO har i alt teikna 57 nye lærekontrakter. Også i 2009 hadde vi ledige læreplassar i prosessfag, samt industrirørlegger og maskinarbeider. Det har vore 139 lærekontraktar knytt til PRO i 2009. Det

har vore heva 2 lære kontrakter. 58 lærlinger har gått opp til fagprøve, av desse var det 16 som fekk bestått meget godt og 41 som fekk bestått og 1 som fekk ikkje bestått.

Rekneskapan viser eit overskot på kr. 1.486.932,-

Rettvisende oversikt over utvikling og resultat I 2009 vart driftsinntektene kr. 5.950.615,-. Styret og dagleg leiar er tilfreds med eit overskot på kr. 1.486.932,-. Eigenkapitalen er pr. 31.12.09 på kr. 7.868.499,-

Styret og dagleg leiar ser den solide eigenkapitalen som ein sikring for at ein kan fortsette å vidareutvikle drifta av opplæringskontoret. Den likvide stillinga er også svært tilfredsstillande.

Styret og dagleg leiar meiner det er rett å leggje forutsetning om fortsatt drift til grunn ved avleggelsen av årsrekneskapan. Styret har oppnådd årsmøte sine intensjonar for driftsåret 2009.

Førde, den 03 mars 2010

*Bente Nesse*

Bente Nesse  
-styreleder -

*Steinar Talle*

Steinar Talle

*Per Åge Bueie*

Per Åge Bueie

*Astrid R. Henden*

Astrid Henden

*Wenche Eledegard*

Wenche Eledegard

*Jan Tore Hauge*


Jan Tore Hauge

*Kjell Nesse*

Kjell Nesse

*Jorunn Eide Kirketeig*

Jorunn Eide Kirketeig  
- dagleg leiar -



# Årsrekneskap 2009

Resultatreknskap	NOTE	2009	2008	Balanse pr. 31. desember	NOTE	2009	2008
<b>Inntekter</b>				<b>Eige</b>			
Driftstilskot		5 147 563	4 192 598	<b>Anleggsmidler</b>			
Driftetilskot Trøndelag		679 252	595 483	Datautstyr	1	58 501	35 099
Kursinntekter		123 800		Inventar,verktøy,utstyr	1	1 200	5 400
Prosjektadministrasjon			451 260	Bil Volvo TV 72267	1	134 000	-
Sum driftsinntekter		5 950 615	5 239 341	Container m trekkvogn	1	1 087 000	2 750 282
				Sum anleggsmidler	1	1 280 701	2 790 781
<b>Utgifter lærlingar</b>				<b>Omlaupsmidler</b>			
Utgifter lærlingar		623 965	569 005	Utestående fordringar		95 841	556 789
<b>Administrasjonskostnader</b>				Kompensasjon MVA		196 688	207 225
Personalkostnader, lønn	2	1 349 765	1 293 583	Forskotsbet. Kostnader		88 358	4 172
Arbeidsgiveravgift og pensj kost	2	395 260	290 537	KLP egenkap.innsk		10 124	8 023
Andre personalkostnader		123 015	122 140	Bankinnskot	3	6 196 787	2 684 901
Styret, styrehonorar	2	72 000	67 000	Sum omlaupsmidler		6 587 798	3 461 110
Styret, andre kostnader	2	73 949	13 879	<b>Sum eige</b>		<b>7 868 499</b>	<b>6 251 891</b>
Kontorkostnader	3	343 918	313 579	<b>Eigenkapital</b>			
Honorar for framande tenester		57 156	80 353	Fri kapital i.1.		6 002 880	4 269 994
Kostnader kontorlokaler		89 537	56 275	årets resultat +/-		1 486 932	1 732 886
Rekruteringskostnader		186 091	129 770	Sum fri kapital 31.12.		7 489 812	6 002 880
Kunnskapscontainer,drift		340 283		Total egenkapital		7 489 812	6 002 880
Andre driftskostnader	3	26 493	152 143	<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Reise, diett og bilkostnader	3	417 843	458 634	Leverandørgjeld		431	-10 694
Ordinære avskrivningar	1	414 278	19 113	Skyldig offentlege avgifter		142 629	115 461
Sum administrasjonskostnader		3 889 588	2 997 006	Annan kortsiktig gjeld,			
				feriepengar	3	235 627	144 244
Driftsresultat		1 437 062	1 673 330	Sum kortsiktig gjeld		378 687	249 011
<b>Netto finansinntekter</b>				<b>Sum gjeld og egenkapital</b>		<b>7 868 499</b>	<b>6 251 891</b>
Netto finansinntekter		49 870	59 556				
<b>Årsoverskot</b>			<b>1 732 886</b>				
<b>Overførast til fri egenkapital</b>		<b>1 486 932</b>	<b>1 732 886</b>				

Førde, den 10.3.2010



Bente Nesse  
-styreleder -



Steinar Talle



Per Åge Bueie



Astrid Henden



Wenche Eledegard



Jan Tore Hauge



Kjell Nesse



Jorunn Eide Kirketeig  
- dagleg leiar -

# Notar til årsrekneskapen for 2009

## Rekneskapsprinsipp og verknad av prinsippendringar

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små foretak.

## Inntekter

Inntektføring av tilskot skjer på tildelingstidspunktet.

## Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omlaupsmidlar vert vurdert til det lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost. Varige anleggsmidlar vert avskrivne etter ein fornuftig avskrivingsplan. Andre fordringer er tekne med i balansen til pålydende.

## NOTE 1

### VARIGE DRIFTSMIDDEL

	Bil- Container	Datauts.	Inventar,utst.	Totalt
Kostpris 1.1.		210 991	49 712	233 088
Tilgang	1 617 489	39 088		
Avgang				-
Kostpris 3 1.12.	1 617 489	250 079	49 712	1 917 280
Avgang		-2 099		
Akkumulerte avskriv	396 489	175 892	48 512	224 404
<b>Balanseført verdi pr 31.12</b>	<b>1 221 000</b>	<b>58 501</b>	<b>1 200</b>	<b>1 280 701</b>
Avskrivninger i år	396 489	13 588	4 200	414 277

## NOTE 2

### LØNNSKOSTNADER, TAL TILSETTE, GODTGJERSLE TIL DAGLEG LEIAR M.V.

Lønnskostnader	2009	2008
Lønninger	1 349 765	1 293 583
Arbeidsgiveravgift	205 748	177 434
Pensjonskostnader	189 512	160 159
Andre lønnsrelaterte ytelser	153 551	149 508
<b>Sum</b>	<b>1 898 576,00</b>	<b>1 780 684,00</b>

Gjennomsnittlig antall tilsette i løpet av regnskapsåret har vært 3 tilsette

Selskapet har pensjonsavtale for alle tilsette i KLP, premie betalt i 2009 kr. 189 512

Ytelser til ledende personer	Dagleg leiar	Styret
Lønn	622 977,00	-
Styrehonorar		72 000,00
Pensjonsutgifter	102 912,00	-
Andre lønnsrelaterte ytingar, fri bil, telef	142 166,00	-

Det er ikke gitt lån/sikkerhetsstillelse til forretningsfører, styreformann eller andre nærstående parter.

Det er ingen enkelt lån/sikkerhetsstillelser som utgjør mer enn 5% av selskapets egenkapital.

## Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar i 2009 var kr. 23 600

Herav honorar andre tenester kr. 10 100

## NOTE 3

### SPESIFIKASJONAR AV TAL I REKNESKAPET

Bankinnskudd	2009	2008
Sparebanken Sogn og Fj.		
15.91119	3 428 006,00	2 473 211,00
Sparebanken Sogn og Fj, Visa	52 128,00	16 851,00
Sparebanken Sogn og Fj.		
05.02253	2 557 629,00	52 213,00
Sparebanken Sogn og Fj.		
15.94754 (bunde innsk.)	159 024,00	142 626,00
<b>Sum</b>	<b>6 196 787,00</b>	<b>2 684 901,00</b>

### Anna kortsiktig gjeld

Påløpne kostnader	75 201,00	19 066,00
Skyldige feriepengar	160 426,00	125 178,00
<b>Sum</b>	<b>235 627,00</b>	<b>144 244,00</b>

### Kontorkostnader

Kontorrekvisita, trykksaker	218 041,00	180 347,00
Kjøp og vedlikehald av maskiner og utstyr	48 153,00	35 620,00
Telefon, porto	77 725,00	97 612,00
<b>Sum</b>	<b>343 919,00</b>	<b>313 579,00</b>

### Andre kostnader

#### Fagleg leiar samling

Markedsføring	7 970,00	18 646,00
Gaver og kontigenter	13 945,00	10 500,00
Møteutgifter	25 255,00	95 645,00
Forsikringar	-1 080,00	18 768,00
Bilkostnader inkl. leasing	330 039,00	319 778,00
Reiseutgifter	87 804,00	138 856,00
Andre kostnader	-19 597,00	8 584,00
<b>Sum</b>	<b>444 336,00</b>	<b>610 777,00</b>

# Revisjonsmelding

## INTER REVISJON

Inter Revisjon Fjordane AS  
Postboks 679, 6804 Førde  
Tlf: +47 91 65 54 00  
Faks: +47 57 82 76 01  
Revisor/Org.nr.: NO 989 102 060  
www.interrevisjon.no

### Til

Opplæringskontoret for prosess og mekanisk Industri  
i Sogn og Fjordane

### REVISJONSMELDING FOR 2009

Vi har revidert årsrekneskapen for Opplæringskontoret for prosess og mekanisk Industri i Sogn og Fjordane for rekneskapsåret 2009, som viser eit overskot på kr 1.486.932. Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av styret i stiftinga. Vår oppgave er å uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.


Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Norge. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at den gjev oss den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsipp som er nytta og av vesentlege rekneskapsestimat, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. Iden grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon og ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontrollsystema i stiftinga. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttalelse.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Norge.
- leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.
- Stiftinga er forvalta og utdelingar er foretatt i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og stiftinga sine vedtekter.

Førde, 10. mars 2010

Inter Revisjon Fjordane AS



Kurt Inge Hyllestad  
Statsautorisert revisor



eko • 2010

PRO Opplæringskontoret  
for prosess og mekanisk industri

Concordbygget  
Firdavegen 6  
Postboks 492  
6801 Førde  
Telefon: 57 83 22 60  
Telefax: 57 83 22 45  
Organisasjonsnr.:  
NO 980 026 655

[www.pro.sf.no](http://www.pro.sf.no)